

Utdannings- og forskingskomiteen
Stortinget

Oslo, 21/04-2021

Høyringsnotat – Meld. St. 21 (2020-2021), «Fullføringsreformen: Med åpne dører til verden og fremtiden»

Unge funksjonshemmede meiner Meld. St. 21 (2020-2021) tar fleire viktige grep for å skape meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i VGO. Vi deler regjeringa si problemskildring om at VGO i for liten grad er tilpassa den mangfaldige elevgruppa. Vi er særleg glad for å sjå at stortingsmeldinga anerkjenner at elever med funksjonsnedsettingar møter på omfattande barrierar i opplæringa.

Strategi for å betre tilbodet til elever med funksjonsnedsettingar


Eit av dei foreslåtte tiltakene er å utarbeide ein eigen strategi for å sikre at elever med funksjonsnedsettingar får eit betre tilbod i VGO. Vi er glad for at regjeringa anerkjenner at det trengst tiltak for å få ned fråfallet blant funksjonshemma elever. Ei studie frå 2013 konkluderte med at heile 64 prosent av elever med fysiske funksjonsnedsettingar ikkje fullfører vidaregåande skule.¹ Konsekvensen er at svært mange funksjonshemma og kronisk sjuke elever ikkje kvalifiserer seg til høgare utdanning, og ender opp med betydeleg därlegare yrkesutsikter.

Samtidig stusser vi noko over at dette kjem i form av ein eigen strategi som er fristilt frå hovudreformen. Det er allereie ei utfordring at det lagast to spor i utdanningspolitikken: eit for funksjonshemma elever, og eit for alle andre. Vi meiner dette arbeidet i større grad burde ha blitt sett i samanheng med resten av reformen.

I tillegg ligg det få føringar i meldinga om kva innhaldet i strategien vil vere. Vi har ei tydelig forventning om at strategien leverer kraftfulle og forpliktande tiltak, som blir følgt opp med løyingar gjennom statsbudsjettet.

Unge funksjonshemmede ber komiteen vedta følgande merknad: Komiteen ber regjeringa om å sikre tett samanheng mellom den planlagde strategien for å betre

¹ Finnvold, Jon Erik, Langt igjen? Levekår og sosial inkludering hos menneske med fysiske funksjonsnedsetjingar, NOVA-Rapport 12/13



tilbodet til elever med funksjonsnedsettingar og dei overordna grepene i Fullføringsreformen. Regjeringa bør involvere brukarorganisasjonane i oppfølginga av reformen som heilheit, og ikkje berre i utarbeidninga av strategien.

Tilpassa løp og spesialundervisning

Unge funksjonshemmede støtter forslaget om å innføre ein utvida rett til å fullføre VGO, og gjere opplæringa meir tilpassa behovene til den enkelte eleven. Forslaget vil legge eit større ansvar på den enkelte skule til å strekke seg lengre for å få alle til å fullføre. Slik vi ser det, vil dette gi større grad av individuell tilpassing og mestring i VGO, noko som særleg vil vere positivt for elevene vi representerer.

Vi vil likevel åtvare mot nokre mogleg fallgruver ved større grad av differensiering. Det er viktig at det ikkje blir skapt eit A- og B-lag blant elevane, kor elever som treng eit meir individuelt tilpassa løp får eit dårlegare tilbod utanfor det ordinære opplæringstilbodet. Tilpassinga bør i størst mogleg grad skje i det klassefellesskapet, og må ha eit tydelig ressursfokus. I tillegg er det viktig at eit utvida gjennomføringsløp ikkje blir ei kvilepute til å la vere å tilrettelegge her og no.


Samtidig kjem det ikkje godt nok fram i meldinga korleis spesialundervisning og individuell tilrettelegging skal passe inn i reformen. Sjølv om det er positivt med større grad av tilpassa opplæring for alle elever, møter elever med tilretteleggingsbehov særskilte utfordringar som må adresserast spesifikt. Ein NIFU-rapport konkluderte i 2019 med at to tredjedelar av vidaregåandeelever som mottar spesialundervisning tas ut av klassen og blir plassert i eigne spesialklasser.² Mange blir møtt med assisterantar utan pedagogisk kompetanse. Konsekvensen er at mange av desse elevane får lågare mestringskjensle, dårlegare resultater og ender opp utanfor det sosiale fellesskapet på skulen. Dette er svært alvorleg, og utan tvil ein viktig årsak til at mange funksjonshemma elever fell ifrå i VGO.

Unge funksjonshemmede ber komiteen vedta følgande merknad: Komiteen ber regjeringa om å foreslå eigna tiltak for å få fleire elever som mottar spesialundervisning og elever med tilretteleggingsbehov til å fullføre vidaregåande.

Eit steg på vegen mot betre overgangar

Unge funksjonshemmede er svært glad at regjeringa vurderer å innføre ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å samarbeide om overgangen mellom

² Markussen, Eifred, Tone Cecilie Carlsten, Jens B. Grøgaard og Jørgen Smesrud, «... respekten for forskjelligheten ...»: En studie av spesialundervisning i videregående opplæring i Norge skoleåret 2018-2019, NIFU Rapport 2019:12



grunnskulen og VGO. Mange elever med funksjonsnedsettingar opplever i dag denne overgangen som krevjande. På grunn av manglande informasjonsutveksling mellom skulane, er det mange som ender opp med å bruke mykje tid og krefter på å sjølv koordinere overgangen til VGO. Fleire mister også god tilrettelegging dei har hatt på ungdomsskulen.

Samtidig saknar vi tiltak i meldinga for å betre overgangen mellom VGO og høgare utdanning eller arbeid. Dette er ein særleg sårbar fase for ungdom med funksjonsnedsettingar. Det er i denne perioden ein ofte flytter heimanfrå og får hovudansvar for sitt eige liv. På ein og same tid må ein søke om tenester i ny kommune, få på plass tilrettelegging eller oppfølging frå NAV, finne ein tilgjengelig bustad, og søke om individuell tilrettelegging ved utdanningsinstitusjonen. Samarbeidet mellom alle desse aktørane er ofte mangefull, og mange fell ifrå i overgangen til høgare utdanning eller arbeid. Difor bør det også innførast ei plikt for relevante aktørar å samarbeide om denne kritiske overgangen.

Unge funksjonshemmede ber komiteen vedta følgande merknad: Komiteen ber regjeringa innføre ei plikt for fylkeskommunar, høgare utdanningsinstitusjonar, NAV og kommunar å samarbeide om overgangen mellom VGO og høgare utdanning eller arbeid.


Tilretteleggingskompetanse bør inn i lærarutdanningane

Regjeringa skriv at dei vil vurdere tiltak for at fleire lærarar i VGO skal få kompetanse mellom anna i spesialpedagogikk. Vi meiner dette er eit steg i rett retning, men likevel ikkje forpliktande nok. Eit av måla i meldinga er at VGO skal vere betre tilpassa elevmangfaldet som fins i skulen. For å klare å oppnå dette, bør alle lærarar i VGO ha grunnleggande kompetanse på inkludering og spesialpedagogikk. Vi meiner difor at dette er kompetanse som bør inn i lærarutdanningane. Dette vil ruste lærarane å tilrettelegge som del av den ordinære undervisninga, sjå behov når dei oppstår, og innhente tilleggskompetanse om nødvendig.

Unge funksjonshemmede ber komiteen vedta følgande merknad: Komiteen ber regjeringa om å ta inn grunnleggande opplæring i inkludering, tilrettelegging og spesialpedagogikk i lærarutdanningane som kvalifiserer for å undervise i VGS.

Saknar tiltak for universell utforming

Vi er skuffa over at Stortingsmeldinga ikkje leverer tiltak for universell utforming av vidaregåande skular. Meldinga viser til at det ikkje fins kunnskap om status for tilgjengeleghet i VGO, men at det er grunn til å anta at dette er eit problem. Likevel



foreslår regjeringa ingen tiltak for å skaffe denne oversikten, eller sette i gang arbeidet med å utbetre skulane.

Dei seinare årene har det vore eit større politisk fokus på universell utforming i grunnskulen. Vi opplever at det same fokuset er fråverande i vidaregåande.

Resultatet av manglande universell utforming er at svært mange elever i VGO ikkje får eit likeverdig skuletilbod, og blir ekskludert frå fellesskapet.

I dag eksisterer det eit veikart for universell utforming av nærskular, som legg ein konkret plan for å kartlegge og utbetre alle landets grunnskular innan 2030. Vi meiner det er på tide at det kjem eit eige veikart for vidaregåande skular.

Unge funksjonshemmede ber komiteen vedta følgande merknad: Komiteen ber regjeringa om å utarbeide et veikart for universell utforming av vidaregåande skular, med ein konkret plan for kartlegging og utbetring av alle landets skular innan 2030.

Med venleg helsing



Ingvild Østli

Fungerande generalsekretær, Unge funksjonshemmede

ingvild@ungefunksjonshemmede.no

Telefon: 911 49 594

